

Bokn kommune

5561 BOKN

Vår dato: 10.03.2017

Vår ref.: 201506523-13

Arkiv: 313

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Arnljot Einride Strømseng

22959757/aes@nve.no

Bokn kommune – søknad om løyve til utvida regulering og uttak av drikkevatn frå Torlandsvatnet, Bokn kommune i Rogaland - oversending av NVE sitt vedtak

Vi syner til dykkar søknad datert 4.12.2015.

Vedlagt oversender vi NVE sitt løyve til utvida regulering og uttak av drikkevatn frå Torlandsvatnet med tilhøyrande vilkår. Løyvet er gitt i medhald av § 8 i vassressurslova.

Ei nærare grunngjeving for løyvet er gitt i vedlagt KI - notat 13/2017 - Bakgrunn for vedtak. Vi syner til merknader til vilkåra i dette notatet for krav til utforming av anlegget.

Vi understrekar at løyvet etter vassressurslova gjeld regulering og uttak av drikkevatn frå Torlandsvatnet og betydinga dette har for dei allmenne interessene i vassdraget. Løyvet gir ikkje rett til oreigning. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å avklare dei privatrettslege forholda til ev. andre som har rettar i området.

Før utarbeiding av tekniske planar for dam kan starte, må søknad om konsekvensklasse for gitt alternativ vere sendt NVE og vedtak vere fatta. Konsekvensklassen er bestemmande for sikkerheitskrava som vert stilt til planlegging, bygging og drift, og må difor vere avklara før arbeidet med tekniske planar startar.

Vi viser elles til NVE sine rettleiarar 2 og 3 frå 2013 "*Rettleiar til forskrift om internkontroll etter vassdragslovgevinga.*" og "*Veileder for utarbeidelse av detaljplan for miljø og landskap for anlegg med vassdragskonsesjon*" som er å finne på <http://www.nve.no/tilsyn/>. Vi understrekar at anleggsarbeid ikkje må setjast i gong før planane for arbeidet er godkjent av NVE. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Retten til å klage er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøkar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerer dei interesser som saka vedkjem).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Arnljot Einride Strømseng
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Vassdragskonsesjon for regulering og uttak av drikkevatn frå Torlandsvatnet
KI-notat 13/2017

Kopi til:

Fylkesmannen i Rogaland
Rogaland fylkeskommune